




USKEDALSPOSTEN

Jula 2009

5. årgang

Laussal kr. 40,-

Kom heim til Kvinnherad.



Etter trangbudd liv i Bergen syntes Tone frå Husnes og Andreas frå Uskedalen at det er godt å flytta heim til Kvinnherad. Dei bur rett under Nåso – på Musland. Side 4-5

Heimstaden min
Side 17-22

Jul i gamal tid.
Side 8-9

Slektsgranskartur på
Helgelandskysten
Side 12-16

Fører eple-tradisjonane
vidare på Steinsletto
Side 36-37



Då Andreas Kristoffersen flytta heim i 2009 hadde Uskedalsposten dette oppslaget om han og Tone.

Satsinga på jordbruket i Uskedalen held fram og no har Andreas Kristoffersen søkt om stønad frå Innovasjon Norge i samband med overtaking av garden på Musland.

Kommunen støttar søknaden sterkt og peikar på at den har som mål og aller helst auka produksjonen av sauekjøt. Prosjektet er såleis heilt i samsvar med gjeldande strategiar og kommunen skriv at dette er eit svært godt prosjekt som dei svært gjerne ser gjennomført

Dette gjeld overtaking av ein gard i god drift og der har der vore god interesse for småfe. Andreas har vore med i drifta i lang tid og har difor eit solid grunnlag for å lukkast, held kommunen fram.

Driftsplanen viser at dette er bedriftsøkonomisk lønnsamt og det kan gje gode ringverknadar. Garden ligg i eit område som høver for småfe og er med og stimulerar eit aktivt miljø,

Garden har eit samla areal på 1000 dekar og av det er 55 dekar dyrka mark og 150 dekar innmarksbeite.

Kristoffersen søker om lån og tilskot på 2 175 000 i Innovasjon Norge av ei samla finansiering på 2 550 000.

Hovudaktivitet vert oppgradering av driftsbygg og innreiing av sauefjøs for 140 sauer. No har han 91 vinterfora sauer.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen